



# DETALJREGULERING FOR NYTT BUSSTOPP VED LOTE

Reguleringsplan  
PlanID: 2020001

Plan vedteke av kommunestyret i Stad kommune 29.10.2021 – Sak 20/1682  
Siste mindre endring vedteke av Stad kommune 08.05.2023 – Sak 23/879

---

## REGULERINGSFØRESEGNER

### §1 Generelt

*1.1 Føremålet med reguleringsplanen er å avklare plassering av busslomme langs E39 på Lote.*

*1.2 Plangrensene er vist på reguleringskartet, datert 16.06.2020, revidert 26.04.2023. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.*

### §2 Bygningar og anlegg

#### **BA, Bygningar og anlegg:**

*Arealet er regulert til bygningar og anlegg. Arealet kan nyttast til midlertidig anleggsområde ved bygging av busslomma.*

#### **BFS, Bustader-frittliggjande-småhus:**

*Arealet er regulert til bustader-frittliggjande-småhus. Arealet kan nyttast til midlertidig anleggsområde i anleggsperioden.*

### §3 SAMFEDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### **o\_SKV, Køyreveg, offentleg:**

*E39 og kommunalveg.*

#### **f\_SKV, Køyreveg:**

*Felles veg til gnr.140 , bnr.3 og 14.*

### **SKV, Køyreveg**

*Privat veg.*

### **o\_SGS, Gangveg- og sykkelveg:**

*Gangveg- og sykkelveg.*

### **o\_SVG, Annen veggrunn-grøntareal:**

*Annan veggrunn er areal til grøfter og skråningar. Skråningane skal utformast med god tilpassing til sideterrenget og dekkast med vegetasjonsmassar. Eksisterande toppmassar skal lagrast lokalt i anleggsfasen og leggest attende som topplag på fylling/anleggsområdet når arbeidet vert ferdigstilt.*

### **o\_SKA, Kollektivanlegg:**

*Arealet som er regulert som kollektivanlegg er ventearealet for buss.*

### **o\_SKH, Kollektivhaldeplass:**

*Arealet omfattar oppstillingsplass for buss.*

## **§4 LANDBRUKS, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT**

### **L, Landbruksformål:**

*Jordbruksområde.*

## **§ 6 FØRESEGNOMRÅDER**

### **#: Midlertidig anleggsområde:**

*Områder som kan nyttast til anleggsområder og mellomlagring av masser. Etter avslutta anlegg går arealet over til formål som vist i planen. Området skal ryddast og settast i stand til det føremål og den stand det var i før anleggsstart innan eitt år etter at anlegget er ferdig.*

*Føresegnsonene kan fjernast frå plankartet administrativt av planmyndigheita etter at anleggsperioden er over og seinast 01.01.2034.*

## **§7 FELLESFØRESEGNER**

*7.1 Det skal ikkje gjerast terrenginngrep som gjev vegkroppen dårlegare stabilitet.*

*7.2 Byggegrensa følger veglova.*

*7.3 Dersom det i samband med tiltak i marka blir oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast i den utstrekning det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka og er gjort kjent med denne bestemmelsen. Melding av funn skal straks sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, i samsvar med lov om kulturminner §8, andre ledd.7.5*

*7.4 Plan for ytre miljø (YM-plan) skal utarbeidast i starten av prosjekteringsfasen.*

*YM-plan skal vidareføre dei krava og tiltaka som er omtala i planen og/eller oppsummert i kapittel med føringar for YM-plan. Miljøutfordringar som blir avdekka skal følgjast opp av utførande og kontrollerande personell i gjennomføringsfasen.*

*7.5 Ved bygging av busshaldeplassen skal framande skadelege artar takast hand om, i tråd med forskrift og SVV-rapport-387.*

*7.6 Handsaming av matjordlag/topplag*

*Lett tilgjengeleg matjord som ikkje er infisert av framande, skadelege artar skal takast av og lagrast på ein slik måte at matjorda seinare kan nyttast som vekstmedium på skråningar eller dyrka mark*

## **Endringar i føresegnene i samband med reguleringsendring for E39 buss-stopp Lote - Revidert 08.05.2023**

§1: Dato for revisjon av reguleringskart lagt til, 26.04.2023

§3: Lagt til nytt formål f\_SKV, Køyreveg.

§3: Teke bort formålet o\_SP, Leskur/plattformtak.

§5: Teke bort omsynssoner, Sikringssoner, H140\_Frisikt.

§6: Endra dato frå 01.01.2031 til 01.01.2034.